

Kvinnherad idrettsråd

Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Uskedalen 24.04.2017

Til idrettslaga i Kvinnherad

Invitasjon til årsmøte i Kvinnherad idrettsråd

Idrettsrådet held årsmøte **onsdag 31. mai 2017 kl. 18.00 i rådhuset, Rosendal** (kommunestyresalen).

Forslag som skal handsamast på årsmøtet, må vere sendt til styret seinast to veker før årsmøtet, dvs. at vi må ha mottatt sakene innan 17. mai. Forslag skal sendast med e-post til post@kvinnheradidrettsrad.no.

Kvart medlemslag kan stille med representantar på årsmøtet etter denne skalaen:

- 0-250 medl. : 2 repr.
- 250-500 medl. : 3 repr.
- 500-750 medl. : 4 repr.
- 750- medl.: 5 repr.

Sjå neste side for medlemstal og representantar.

Til årsmøtesakene høyrer årsmelding, rekneskap, arbeidsprogram, kontingentsatsar, budsjett, årsmøterepresentasjon, kriterium for lokale aktivitetsmidlar, evt. innsendte saker og val av nytt styre.

Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med framlegg til årsmøtet vert gjort tilgjengeleg seinast ei veke før årsmøtet på heimesida til idrettsrådet: www.kvinnheradidrettsrad.no.

Det vert enkel servering.

Vi håper ditt idrettslag stiller med representantar på årsmøtet. Velkomen skal de vera!

Med helsing



Anbjørn Høivik,

styreleiar

Kvinnherad idrettsråd

Medlemer i Kvinnherad idrettsråd:

Klubb	Medlemstal	Tal representantar
Folgefonn RC-klubb	<i>16</i>	2
Folgefonn Sportsskytterlag	<i>43</i>	2
Halsnøy Idrettslag	<i>320</i>	3
Halsnøy O-Lag	<i>10</i>	2
Herøysund Idrettslag	<i>62</i>	2
Husnes Karateklubb	<i>35</i>	2
IL Strand-Ulv	<i>234</i>	2
Kvinnherad Badmintonklubb	<i>15</i>	2
Kvinnherad Golfklubb	<i>166</i>	2
Kvinnherad Handballklubb	<i>272</i>	3
Kvinnherad Motorsportklubb	<i>80</i>	2
Kvinnherad Pistolklubb	<i>42</i>	2
Kvinnherad Roklubb	<i>74</i>	2
Kvinnherad Sykkelklubb	<i>17</i>	2
Kvinnherad Undervannsklubb	<i>12</i>	2
Matre Idrettslag	<i>60</i>	2
Omvikdalen IL	<i>339</i>	3
Perlo kajakkklubb	<i>61</i>	2
Rosendal Rideklubb	<i>50</i>	2
Rosendal Turnlag	<i>274</i>	3
Ternen, IL	<i>220</i>	2
Trio idrettslag	<i>706</i>	4
Uskedal Idrettslag	<i>281</i>	3
Valen Ride- og Kjøreklubb	<i>24</i>	2
BIL Palfinger	<i>?</i>	3
BIL Sørøra	<i>390</i>	3
BIL Kvinnherad kommune	<i>338</i>	3

Tal i kursiv er henta frå 2015 grunna manglande tal for 2016.